



Møteprotokoll

Utval: kommunestyret
Møtestad: SUFH
Dato: 19.03.2026
Tid: kl. 14.00 - 19.35

Desse møtte

Aurora Dimmen Bratli
Hanne Notøy
Magne Olav Gurskevik
Marianne Breivik
Alf Johan Antonsen
Bennie Bantilan Hansen
Kjell Egil Barstad
Knut Erik Engh
Mariette Elise Gjerde
Egil Ulfstein
Hans Petter Th. Ulstein
Stian Skorgen Scheide
Stig Ole Borgundvåg
Per Karsten Ødegård
Per Lorentz Kopperstad
Kjell Peter Lunde
Oddvar Gjerde
Morten Feiring
Arve Eldar Flø

Representerer

Ap
Ap
Ap
Ap
Frp
Frp
Frp
Frp
Frp
H
H
H
H
INP
INP
KrF
Sp
SV
UAV

Funksjon

medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
ordførar
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem
medlem

Forfall

Erica Ruiz Solhjem
Oscar Overvåg Tafjord

Representerer

H
H

Varamedlem

Erlend Eidem
Berit Overvåg
Hjorth
Ranveig Kaldhol
Maria Myrene
Vågsæter
Bård Emil
Ødegård
Berit Lyngstad

Representerer

H
H

KrF
Sp

Sp

V

Andre møtte

Jarl Martin Møller
Karen Strand
Ottar Håkonsholm
Lars Erling Bjåstad Hovlid
Arne Runar Vik

adm.
adm.
adm.
adm.
adm.

kommunedirektør
kommunalsjef oppvekst og kultur
eigedomsløiar
prosjektloiar
kommunalsjef teknisk

Kari Riise
Steinar Nummedal
Kristin Vik

adm.
adm.
adm.

personalleiar
økonomileiar
kommunalsjef helse og omsorg

Møtenotat:

Kjell Barstad fekk permisjon frå klokka 19.00. Det var ikkje kalla inn vara. Det var såleis 24 røysteføre i PS 22/26, 23/26, 24/26, 26/26 27/26 og 28/26.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
PS 17/26	Open talarstol/spørjetimen	26/1067
PS 18/26	Godkjenning av innkalling og sakliste	26/1067
PS 19/26	Godkjenning av protokoll	26/1067
PS 20/26	Orienteringar	26/1067
PS 21/26	Referatsaker	26/1067
PS 25/26	NOU 2026: 1 Ein berekraftig kommunesektor - uttale	26/921
PS 22/26	Årsmelding 2025 for Ulstein kontrollutval	26/3
PS 23/26	Årsplan 2026 for Ulstein kontrollutval	26/3
PS 24/26	Godkjenning av fritak frå eigedomsskatt 2026 - §§ 7a og 7b	26/92
PS 26/26	3K - Val av forhandlingsutval og styringsgruppe	25/1608
PS 27/26	Oversendingsframlegg frå Bennie Hansen	26/1067
PS 28/26	Oversendingsframlegg - Skulefrukost	26/1067

Ulsteinvik, 20.03.2026

Stian Skorgen Scheide
ordfører

PS 17/26 Open talarstol/spørjetimen

Spørsmål frå Arve Eldar Flø (Uavhengig) - Utskifting av lysarmatur

Det har kome meg for øyre at der no pågår store utskiftingar av lysarmatur i fleire kommunale bygg. Er dette lyst ut på anbod? Rykta seier at dette kan dreie seg om mange millionar, og då er det viktig å sikre at vi får den beste prisen.

Svar frå kommunedirektøren:

Bakgrunn for spørsmålet:

Spørsmålet kjem etter informasjon om at kommunen planlegg oppgradering av belysning og styringssystem i fleire bygg.

Vedlikehaldsplan og behov:

Ein har kartlagt eit betydeleg vedlikehaldsetterslep i eigedomsporteføljen som omtalt i budsjett og økonomiplan for 2026-2029. Det er estimert til om lag 60 mill. kroner, og omfattar mellom anna behov for oppgradering av lys, SD-anlegg og tekniske installasjonar i fleire bygg.

Dette er tiltak for å sikre stabil drift, betre energieffektivitet og tilfredsstillande arbeids- og læringsmiljø.

Prioritering i budsjett og økonomiplan:

I økonomiplanen for perioden 2026–2029 er det sett av investeringsmidlar til ei eiga oppgraderingspakke for kommunale bygg.

Ramma er fordelt slik:

- 2026: 4 mill. kr
- 2027: 5 mill. kr
- 2028: 5 mill. kr
- 2029: 5 mill. kr

Samla investeringsramme i perioden er om lag 19 mill. kroner.

Tiltaka omfattar fleire ulike oppgraderingar i ulike bygg, og er ikkje å sjå som eitt samla prosjekt, men tiltaka er i tråd med vedlikehaldsplanen som vart lagt fram for kommunestyret i desember 2025 og seinare i Teknisk utval i 2026.

Anskaffingar og rammeavtale:

Ulstein kommune har frå januar 2026 ein rammeavtale for elektrikartenester som er inngått etter open konkurranse i tråd med anskaffingsregelverket.

Rammeavtalen omfattar mellom anna:

- utskifting av belysning
- oppgradering av elektriske anlegg
- arbeid knytt til SD-anlegg

Administrasjonen si vurdering er at dei planlagde tiltaka kan gjennomførast som avrop på denne rammeavtalen, sidan arbeidet ligg innanfor avtalen sitt omfang.

For å sikre korrekt bruk av regelverket har vi også innhenta juridisk vurdering. Denne stadfestar at rammeavtalen kan nyttast til slike oppdrag.

Planlagt gjennomføring:

Oppgraderingane vil bli gjennomført byggvis og i fleire separate tiltak, innanfor dei investeringsrammene som kommunestyret har vedteke.

Arbeidet er per no ikkje sett i gang. Administrasjonen er i dialog med leverandør om nærare spesifisering av arbeidsomfang, tidsbruk og kostnader før endeleg bestilling

Vurdering:

Gjennom bruk av eksisterande rammeavtale sikrar kommunen at:

- anskaffinga skjer i tråd med regelverket

- konkurransen allerede er gjennomført gjennom open anbodskonkurranse
- kommunen kan gjennomføre nødvendige tiltak raskt og effektivt
- prisnivå og vilkår er avklart i avtalen

Tiltaka vil bli gjennomførte innanfor vedtekne investeringsrammer og i samsvar med økonomiplanen og vedlikehaldsplan.

Tilleggsspørsmål frå Arve Eldar Flø:

Kor mykje pengar er det snakk om?

Svar frå eigedomsleiar:

Totalt fram til 2029 er det snakk om ca. 19 millionar. 2026 er det snakk om 4 millionar og 2027 er det snakk om 5 millionar fordelt på ulike prosjekt.

Spørsmål frå Bennie Hansen (Frp) - Ny forskrift om skulekrinsar

Ny forskrift om skulekrinsar for Ulstein kommune blei lagt ut på høyring den 17.02.2026. Etter forvaltningslova skal kommunen sende skriftleg varsel til ulike partar som kan ha interesse av å uttale seg, som til dømes grendelag og FAU. Dette blir kalla høyring eller førehandsvarsel, og står i forvaltningslova § 37 andre ledd, som lyder:

«Offentlige og private institusjoner og organisasjoner for de erverv, fag eller interessegrupper som forskriften skal gjelde eller gjelder for eller hvis interesser særlig berøres, skal gis anledning til å uttale seg før forskriften blir utferdiget, endret eller opphevet. Så langt det trengs for å få saken allsidig opplyst, skal uttalelse også søkes innhentet fra andre. Hensikta med høringen er å gi dem som vil bli berørt, en mulighet til å komme med sine synspunkter på forslaget. Høringsuttalelsene kan dessuten bidra til å få saken tilstrekkelig utredet. De som får forslaget til uttalelse, omtales ofte som høringsinstanser.»

På bakgrunn av dette er det stilt spørsmål frå nokre innbyggjarar om dei ulike partane som har interesse av saka, faktisk blei varsla om at den nye forskrifta var lagt ut på høyring. Det er òg stilt spørsmål om kvifor denne høyringa ikkje blei publisert i Vikebladet, slik at allmenta kunne få vite om det. Det er truleg ikkje så mange innbyggjarar som aktivt går inn på kommunen si nettside for å sjå kva som er lagt ut på høyring.

Svar frå kommunalsjef for oppvekst og kultur:

Sak om ny forskrift om skulekrinsar kjem som ein konsekvens av sak om endring av skulestruktur jf. Vedtak i kommunestyre i september 2025.

I sak kring skulestruktur, som det var stor merksemd kring, var prosessen kring mellom anna endring av skulekrinsgrenser godt omtalt. Det går klart fram at det skulle takast som to ulike prosessar noko som er gjort. Det var og reist spørsmål før og under høyringsprosessen om framgangsmåten og dette vart svart ut frå administrasjonen.

Hensikt med høyring er å gi dei som vert råka kan få gi ein uttale til saka slik at saka er best mogleg belyst og det er «Forvaltningsorganet bestemmer på hvilken måte forhåndsvarslingen skal foregå og kan sette frist for å gi uttalelse.» Lova har og unntaksreglar for varslings.

Med kommunestyret sitt vedtak om endring av skulestruktur, lokalisering av skule og born som vert råka, ligg endring av krinsstrukturen naturleg. Målsetjing med ei slik forskrift er å klargjere kvar grensene for dei ulike skulekrinsane i kommunen går og kva skule borna skal gå ved, nærskuleprinsippet.

Kunngjering har administrasjonen lagt til grunn var tilstrekkeleg gjennom kommunen sine eigne sider med visning til den omfattande handsaminga av sjølv skulestrukturens saka og dei naturlege konsekvensane av kommunestyret sitt vedtak.

For å sikre og opplyse FAU ved dei to involverte skulane har vi varsla leiing ved skulane og oversendt naudsynt informasjon kring høyringa slik at ein har anledning til å kome med innspel innan fristen som er 13 april.

Tilleggsspørsmål frå Bennie Hansen:

Kva tid kom denne varslinga på kommunen sine heimesider? Eg vil gjerne også ha svar på om saka er nok utgreia.

Svar frå kommunalsjef for oppvekst og kultur:

FAU vart varsla denne veka. Det om saka er nok utgreia svarte eg at dette er ein naturleg del av den skulesaka som vart gjort vedtak i september. Der står det godt utgreidd at konsekvensane av å legge ned ein skule gjer at vi må endre skulekrinsgrensene.

PS 18/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkallinga og saklista vert godkjende med merknadane som ligg føre.

Behandling:

PS 25/26 vart flytta fram på saklista grunna praktiske omsyn.
Det vart oppretta to oversendingsframlegg PS 27/26 og 28/26.

Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjende.

PS 19/26 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Protokollen frå førre møte vert godkjend utan merknad.

Behandling:

Protokollen frå førre møte vart samrøystes godkjend.

PS 20/26 Orienteringar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
02/26	Orientering om interkommunalt samarbeid
03/26	Økonomisk kvarter

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitende.

Behandling:

Prosjektleder Lars Erling Bjåstad Hovlid gav ei orientering om interkommunalt samarbeid.

Økonomileiar Steinar Nummedal gav ei orientering om økonomien i kommunen.

Orienteringane vart samrøystes tekne til vitende.

PS 21/26 Referatsaker

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
03/26	Møteprotokoll - Ulstein kontrollutval - 04.02.2026
04/26	Tilsegn om støtte til utgreiing av mogleg kommunesamanslåing - Statsbudsjettet - tilsegn om prosjektskjønnsmidlar, kap. 571, post 64, prosjektnummer 608045
05/26	Årsmelding 2026 - Fellesrådet for eldre og menneske med nedsett funksjonsevne
06/26	Årsrapport politiråd 2025
07/26	Bjørndals minne - søknad om støtte til rehabilitering
08/26	Trebaatfestival 2026 - Søknad om støtte
09/26	Vest-Norges Brusselkontor AS - medlemskap

Vedtak:

Referatsakene vert tekne til vitende.

Behandling:

Referatsakene vart samrøystes tekne til vitende.

PS 25/26 NOU 2026: 1 Ein berekraftig kommunesektor - uttale

Vedtak:

Ulstein kommunestyre sluttar seg til KS sine vurderingar i høyringa av NOU 2026: 1 *En bærekraftig kommunesektor*, og støttar tiltak som styrkjer lokalt sjølvstyre, gjev større fleksibilitet i bruk av personell og økonomi, og reduserer statleg detaljstyring. Kommunestyret legg til grunn at endringar i styring og finansiering må sikre føreseielege rammer og rettvis fordeling, slik at Ulstein kommune kan møte lokale behov, demografiske endringar og framtidige bemanningsutfordringar.

Ulstein kommunestyre støttar ikkje forslag om å oppheve lovkravet om at kommunane skal ha knytt til seg ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleiar, lege, jordmor, helsesjukepleiar og psykolog. Kommunestyret meiner slike kompetansekrav er viktige for å sikre kvalitet, førebygging og gode helse- og rehabiliteringstenester til innbyggjarane.

Behandling:

Tilleggsframlegget, foreslått av Mariette Elise Gjerde, Framstegspartiet

Ulstein kommunestyre støttar ikkje forslag om å oppheve lovkravet om at kommunane skal ha knytt til seg ergoterapeut, fysioterapeut, sjukepleiar, lege, jordmor, helsesjukepleiar og psykolog. Kommunestyret meiner slike kompetansekrav er viktige for å sikre kvalitet, førebygging og gode helse- og rehabiliteringstenester til innbyggjarane.

Saka vart flytta fram, jamfør PS 17/26.

Røysting:

Kommunedirektøren si tilråding vart sett opp mot formannskapet si tilråding.
Kommunedirektøren si tilråding vart vedteken med 13 mot 12 røyster.

Formanskapet si tilråding 12	Kommunedirektøren si tilråding 13
Sosialistisk Venstreparti (1/1) Morten Feiring	Uavhengig (1/1) Arve Eldar Flø
Senterpartiet (3/3) Bård Emil Ødegård Maria Myrene Vågsæter Oddvar Gjerde	Høgre (6/6) Stig Ole Borgundvåg Erlend Eidem Berit Overvåg Hjorth
Framstegspartiet (2/5) Bennie Bantilan Hansen Mariette Gjerde	Stian Skorgen Scheide (sett manuelt av Stian Skorgen Scheide) Egil Ulfstein
Arbeidarpartiet (4/4) Marianne Breivik Hanne Notøy Aurora Dimmen Bratli Magne Gurskevik	Hans Petter Th. Ulstein Framstegspartiet (3/5) Alf Johan Antonsen Knut Erik Engh Kjell Egil Barstad
Kristeleg Folkeparti (2/2) Kjell Peter Lunde Ranveig Kaldhol	Venstre (1/1) Berit Lyngstad Industri- og Næringspartiet (2/2) Per Karsten Ødegård Per Lorentz Kopperstad

Deretter vart det røysta over tilleggsframlegget til Mariette Gjerde (Frp). Det vart vedteke med 15 mot 10 røyster.

Tilleggsforslag frå M. Gjerde (Frp)	Vedteke
FOR 15	MOT 10
Senterpartiet (3/3) Bård Emil Ødegård Oddvar Gjerde Maria Myrene Vågsæter Arbeidarpartiet (4/4) Marianne Breivik Hanne Notøy Aurora Dimmen Bratli Magne Gurskevik Venstre (1/1) Berit Lyngstad Sosialistisk Venstreparti (1/1) Morten Feiring Industri- og Næringspartiet (1/2) Per Karsten Ødegård Framstegspartiet (3/5) Mariette Gjerde Kjell Egil Barstad Bennie Bantilan Hansen Kristeleg Folkeparti (2/2) Ranveig Kaldhol Kjell Peter Lunde	Høgre (6/6) Berit Overvåg Hjorth Stig Ole Borgundvåg Stian Skorgen Scheide (sett manuelt av Stian Skorgen Scheide) Erlend Eidem Hans Petter Th. Ulstein Egil Ulfstein Framstegspartiet (2/5) Alf Johan Antonsen Knut Erik Engh Industri- og Næringspartiet (1/2) Per Lorentz Kopperstad Uavhengig (1/1) Arve Eldar Flø

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre sluttar seg til KS sine vurderingar i høyringa av NOU 2026: 1 *En bærekraftig kommunesektor*, og støttar tiltak som styrkjer lokalt sjølvstyre, gjev større fleksibilitet i bruk av personell og økonomi, og reduserer statleg detaljstyring.

Kommunestyret legg til grunn at endringar i styring og finansiering må sikre føreseielege rammer og rettvis fordeling, slik at Ulstein kommune kan møte lokale behov, demografiske endringar og framtidige bemanningsutfordringar.

Vedtak som innstilling frå levekårsutvalet - 04.03.2026 - 18/26

Levekårsutvalet vil legge tilrette for grundig drøfting i partigruppene før endeleg vedtak i kommunestyret. Her står prinsippa mellom kommunalt sjølvstyre og konkret sikring av viktige rettar i skule- og omsorgsområdet gjennom overordna detaljstyring mot kvarandre. Levekår gjer derfor ikkje særskilt realitetsvedtak i denne saka.

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 10.03.2026 - 23/26

Ulstein kommunestyre sluttar seg delvis til KS sine vurderingar i høyringa av NOU 2026: 1 *En bærekraftig kommunesektor*, og støttar tiltak som styrkjer lokalt sjølvstyre, gjev større fleksibilitet i bruk av personell og økonomi, og reduserer statleg detaljstyring.

Kommunestyret legg til grunn at endringar i styring og finansiering må sikre føreseielege rammer og rettvis fordeling, slik at Ulstein kommune kan møte lokale behov, demografiske endringar og framtidige bemanningsutfordringar.

Ulstein kommunestyre ynskjer ikkje å endre lærarnorma då ein ser at dette kan føre til ein reduksjon av ressursar til skulane. Skal kommunane klare oppdraget sitt med omstilling og demografiendring, vert skulane sitt oppdrag enda viktigare. Ein må få alle gjennom utdanning og ut i arbeid om ein skal løyse utfordringane i framtida. For å greie dette må ein sikre nok kompetanse og ressursar i oppvekst.

PS 22/26 Årsmelding 2025 for Ulstein kontrollutval

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

Behandling:

Kjell Barstad hadde fått permisjon og gjekk frå. Det var ikkje kalla inn vara.

Røysting:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken med 24 røyster.

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret godkjenner årsmelding 2025 for kontrollutvalet.

PS 23/26 Årsplan 2026 for Ulstein kontrollutval

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2026 for kontrollutvalet.

Behandling:

Kontrollutvalet si tilråding vart samrøystes vedteken med 24 røyster.

Kontrollutvalet si tilråding:

Kommunestyret godkjenner årsplan 2026 for kontrollutvalet.

PS 24/26 Godkjenning av fritak frå eigedomsskatt 2026 - §§ 7a og 7b

Vedtak:

Ulstein kommunestyre godkjenner med heimel i §§ 7a og 7b i eigedomsskattelova fritak frå eigedomsskatt for eigedomane som står oppført i vedlagt skatteliste datert 05.03.2026.

Behandling:

Det vart reist eit spørsmål under møtet som ikkje vart svart ut. Administrasjonen har svart ut følgande i ettertid:

Skattetakstnemnda har i sak nr. 05/26 (møtedato 23.01.2023) godkjent skattelistene over obligatorisk fritak i samsvar med eigedomsskattelova §§ 5a, 5c og 5d.

Sundgot bedehus gnr. 29, bnr. 11 er innvilga fritak for eigedomsskatt etter § 5c, som gjeld kyrkjer.

Til orientering skal fritak etter §§ 7a og 7b (stiftingar og bygningar med historisk verdi) leggjast fram for godkjenning i kommunestyret. Det kan søkjast om slikt fritak etter § 7 i eigedomsskattelova.

Nedsetting eller ettergjeving av eigedomsskatt etter § 28 skal handsamast av formannskapet, og må søkjast om.

Oppsummert så kan ein søkje om fritak etter §§ 7a og 7b og § 28.

Fritak for eigedomsskatt for nye bustadar etter § 7c er vedteke i Ulstein kommune til å vere inntil 1 år etter det er gjeve bruksløyve eller ferdigattest, eller fram til det føreligg formuesgrunnlag frå Skatteetaten.

Røysting

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken med 24 røyster.

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre godkjenner med heimel i §§ 7a og 7b i eigedomsskattelova fritak frå eigedomsskatt for eigedomane som står oppført i vedlagt skatteliste datert 05.03.2026.

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 10.03.2026 - 31/26

Ulstein kommunestyre godkjenner med heimel i §§ 7a og 7b i eigedomsskattelova fritak frå eigedomsskatt for eigedomane som står oppført i vedlagt skatteliste datert 05.03.2026.

PS 26/26 3K - Val av forhandlingsutval og styringsgruppe

Vedtak:

Ulstein kommunestyre vel desse representantane til forhandlingsutval og styringsgruppe :

1. Ordførar, Stian Skorgen Scheide
2. Varaordførar, Lisa Mari Breivik Anderson

Hanne Notøy

Kommunedirektør inngår i utvalet

Ulstein kommunestyre ber formannskapet om å ta initiativ til å invitere Hareid kommune til samtalar om kommunesamanslåing mellom Ulstein og Hareid parallelt med prosessen med Herøy og Sande. Kommunestyret ber også om at det vert gjennomført ei innbyggerundersøking blant kommunen sine innbyggjarar basert på innbyggerundersøkingane frå 2014 og 2015 for å sikre god forankring vidare i prosessen.

Behandling:

Oversendingsframlegg frå Frp, foreslått av Knut Erik Engh, Framstegspartiet

Ulstein kommunestyre ber formannskapet om å ta initiativ til å invitere Hareid kommune til samtalar om kommunesamanslåing mellom Ulstein og Hareid parallelt med prosessen med Herøy og Sande. Kommunestyret ber også om at det vert gjennomført ei innbyggerundersøking blant kommunen sine innbyggjarar basert på innbyggerundersøkingane frå 2014 og 2015 for å sikre god forankring vidare i prosessen.

Formannskapet si tilråding vart samrøystes vedteken med 24 røyster.

Oversendingsframlegget frå Frp vart vedteke med 23 mot 2 røyster (Breivik og Bratli, Ap).

Kommunedirektøren si tilråding:

Ulstein kommunestyre vel desse representantane til forhandlingsutval og styringsgruppe :

- 1.

- 2.
- 3.

Kommunedirektør inngår i utvalet.

Vedtak som innstilling frå formannskapet - 10.03.2026 - 18/26

Ulstein kommunestyre vel desse representantane til forhandlingsutval og styringsgruppe :

1. Ordførar, Stian Skorgen Scheide
2. Varaordførar, Lisa Mari Breivik Anderson
3. Hanne Notøy

Kommunedirektør inngår i utvalet

PS 27/26 Oversendingsframlegg frå Bennie Hansen (Frp)

Vedtak:

Ingen vedtak.

Behandling:

Framlegg, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

Kommunestyret ber formannskapet om å utarbeide ein rutine for å identifisere og sile ut dei høyringssakene som er viktige for kommunen å gi uttale om, og der faglege vurderingar frå relevante etatar bør inngå i saksførebuinga. Administrasjonen skal legge fram aktuelle høyringssaker med fristar for formannskapet og andre relevante organ.

Framlegget frå ordførar Stian Skorgen Scheide (H) fall med 9 mot 15 røyster.

Forslag frå S. S. Scheide (H)	Fallen
FOR 9	MOT 15
Framstegspartiet (4/4) Knut Erik Engh Bennie Bantilan Hansen Mariette Gjerde Alf Johan Antonsen Arbeidarpartiet (1/4) Magne Gurskevik Sosialistisk Venstreparti (1/1) Morten Feiring Senterpartiet (3/3) Bård Emil Ødegård Oddvar Gjerde Maria Myrene Vågsæter	Arbeidarpartiet (3/4) Aurora Dimmen Bratli Hanne Notøy Marianne Breivik Høgre (6/6) Hans Petter Th. Ulstein Berit Overvåg Hjorth Egil Ulfstein Stig Ole Borgundvåg Erlend Eidem Stian Skorgen Scheide (sett manuelt av Stian Skorgen Scheide) Uavhengig (1/1) Arve Eldar Flø Venstre (1/1) Berit Lyngstad Kristeleg Folkeparti (2/2) Kjell Peter Lunde Ranveig Kaldhol Industri- og Næringspartiet (2/2) Per Lorentz Kopperstad Per Karsten Ødegård

PS 28/26 Oversendingsframlegg - Skulefrukost

Vedtak:

Forslag om å utgreie skulefrukost til barneskulane i Ulstein.

Eit slikt tiltak vil kome alle elevane ved skulane til gode og vil utjamne ulikskap.

Behandling:

Oversendingsframlegg frå Sp, foreslått av Oddvar Gjerde, Senterpartiet

Forslag om innføring av ei prøveordning med skulefrukost av havregraut ved Ulsteinvik barneskule frå hausten 2026.

Eit slikt tiltak vil kome alle elevane ved skulen til gode og vil utjamne ulikskap.

Framlegg, foreslått av Stian Skorgen Scheide, Høgre

Forslag om å utgreie skulefrukost til barneskulane i Ulstein.

Eit slikt tiltak vil kome alle elevane ved skulane til gode og vil utjamne ulikskap.

Framlegget frå ordførar Stian Skorgen Scheide (H) vart samrøystes vedteke med 24 røyster.